



Nr 2 | 2020 | 71. årgang

*Ynskjer alle våre lesarar
ei velsigna jul!*

«Der det er hjarterom, der er det husrom!»

I dei dagane let statsminister Erna Solberg lysa ut at det skulle takast manntal over alle dei som kjem til kyrkje for å feire jul. Dette var første gongen dei tok manntal i kyrkja og det hende det året vi vart ein del av Vestland fylke. Dette året vart det ikkje til at kvar og ein for heim til si eiga bygd og grend grunna viruset dei kalla Covid-19. Men Solveig og Kjell, dei for heim til bygda. Solveig venta då barn. Då julekvelden kom, ville dei til kyrkje. Dei gjekk opp bakkane til kyrkja, klokkene kima og stjernene glitra på himmelen. Ute var det hustrig og kaldt, men dei gjekk. Då dei endeleg kom fram til kyrkja, stod kyrkjetenaren og soknerådsleiaren i døra og ynskte dei God jul. Så såg dei på kvarandre, slo ut med armane og sa til dei: **Her er ikkje rom for dykk nokon stad, vi kan berre ta inn 50 menneske i denne kyrkja grunna smittevernsrestriksjonane som gjeld, så de må vere så greie å komme att ein annan gong!**

Det er få gonger kjensla av å høyre til i eit fellesskap er viktigare enn ved jul. Det kjem til uttrykk i dei mange tradisjonane vi har: Vi pyntar juletre, vi lagar til den same maten og syng dei same songane. Familiane samlast,

vi ringer, tekstar og sender julehelsingar til vener og kjende. Somme tek den årlege turen ned til naboen i svingen med nokre nybaka julekaker og ei julestjerne. Dei utflytta ungdomane er heime og møtest til lått og løye. Mange tar eit bilete som dei postar på sosiale medium med ro, fred, fellesskap og glede. Dette året vert mange ting annleis, men vi skal framleis feire jul. Vi treng å kome saman, feire jul, syng julesongar, kjenne på fellesskapet i kyrkje, bygd og familie. Ta turen til kyrkje i år! Somme stader lyt du melde deg på – men det klarar du fint!

Kan hende kan du i år fare til kyrkje på juledag i staden.

Kan hende lyt du velje ei gudsteneste i staden for ein konsert.

Kan hende lyt du i år lese juleevangeliet heime fordi du ikkje vågar deg til kyrkje på julekvelden.

Biletet av Josef og Maria på leit etter ein kvilestad i Betlehem er vel kjend. Vi les at Maria måtte legge det nyfødde barnet i ei krybbe, fordi det ikkje var husrom for dei.

Englebodet om barnet som var fødd, gjekk til gjetarane, dei som låg ute om natta – langt frå bygda og heimen. Til dei kom bodet om ei stor glede: **«I dag er det fødd ein frelsar i Davids by, han er Messias**

Herren!» Meir enn nokon gong vert det i år viktig å tenkje på dei det ikkje er husrom for. Vi har eit ordtak som heiter: **«Der det er hjarterom, der er det husrom!»** Det vert som oftast brukt under hendingar der ein stuar saman meir folk enn det eigentleg er plass til. Men i meir overført tyding så handlar det om at fordi ein har eit sterkt ønske om at alle skal med, så ryddar ein eit rom ekstra, utvidar selskapet, stuar saman, smørjer meir mat og tenner fleire ljøs. I år kan vi ikkje syne hjarterom på den måten, men vi må ta vare på kvarandre. Det er viktigare enn nokon gong før.

Idet Solveig og Kjell fekk høyre at det var fullt og at dei måtte komme att ein annan gong, så kom kyrkjenaboen ungkars-Ola opp på kyrkjetrappa i finskjorta. Han rista på hovudet og så sa han: De kan komme inn til meg om de vil. Ikkje har eg juletre og stova mi er ikkje så fin, men der er godt og varmt. Kaffi kan eg koke og smultringar har eg kjøpt. Kan hende tok han fram munnspelet og spelte nokre strofer frå **«Det lyser i stille grender»** før kaffien var oppdrukken, og gudstenesta i kyrkja var slutt.

Knut Magne Nesse
Prosten i Sunnfjord

Gruer seg til iskald vinter

For å halda på varmen, bur småbarnsfamilien i eit lite rom i teltet. Det var ikkje framtida dei såg for seg då dei flykta frå Syria for åtte år sidan.

Av: Anette Torjusen

Weedad Ahmad Al-Khalaf sit utanfor teltet til familien i den vesle landsbyen Mekseh i Bekaadalen i Libanon. Rett bak ragar fjella til heimlandet Syria,

ei dagleg påminning om livet som var. Landet ho måtte flykta frå for åtte år sidan.

- Livet er veldig vanskeleg for oss og vi bekymrar oss mykje for barna våre, seier ho stille.

Tre fødsler i flyktningleiren

Før dei flykta til værutsatte Bekaa, med iskalde vintrar med mykje snø, budde ho i Um El Jurayn ikkje langt frå Aleppo i Syria. Krigen gjorde det farleg å bu der, så farleg at ho til slutt måtte flykta saman med ektemannen Mohammed Hassan Ibrahim og svigermoren Serie i 2012. No deler dei skjebne med 70.000 andre syriske flyktningar i dalen.

Familien på tre har vorte til seks. Tre barn er fødte i flyktningleiren. Eldstemann Yousef vart fødd for fem år sidan, deretter kom lillebror Aus, som er tre år, og til slutt veslejenta Talia på eitt år.

Alle barna våre har vakse opp her, fortel Mohammed. Noko som fyller både han og Weedad med stor sorg.

– Dagane deira går med til leik, fotball og spel. Bortsett frå det så er det ikkje så mykje for dei å gjera her. Ikkje har dei skule her heller, eg er redd barna våre må veksa opp som analfabatar.

Vinteren er lang og kald i dalen.

– Kulda og store snømassar skaper problem for oss. Vi har ikkje råd til å dekkja til teltet med isolerende vern, for det er så dyrt. Derfor blir det veldig kaldt for oss, fortel Mohammed.

For å halda seg varme, bur dei på eitt rom.

– Der varmar vi opp, men i år er brensel ei mangelvare her i dalen. Prisane på brensel aukar, så det er vanskeleg å fyra,



Mamma Weedad Ahmad Al-Khalaf er bekymra for framtida til dottera Talia på eitt år. Det er ikkje noko for dei å gjera i flyktningleiren i Bekaadalen, og dei har heile livet på vent. Foto: João Sousa

forklarer han.

Frå Kirkens Nødhjelp har dei fått tilgang til reint vatn og hygienepakkar.

– Vi har reint vatn her i teltet i tillegg til at vi får hygienepakkar. Vi har òg fått mykje informasjon om korleis vi kan ta vare på oss sjølv for å unngå sjukdom, seier Weedad.

Dei hadde fått både vatn og hygieneartiklar før covid-19, noko ho er veldig glad for.

– Det har vore så viktig for oss at vi har hatt tilgang til vatn og såpe. Det bruker vi jo heile tida, seier ho.

Behova er store for reint vatn og hygieneartiklar, samtidig som mange treng varme teppe som Kirkens Nødhjelp deler ut i Libanon.

Du kan vera med å hjelpa familiar i nød og gi dei tryggleik til jul. I Libanon kjempar folk mot covid-19 i tillegg til svolt, kulde og fattigdom. Eksplosjonen i Beirut har

gjort fleire tusen heimlause og øydelagt mange liv. Saman kan vi gjera ein forskjell. Vi sørger for reint vatn og hygienepakkar til menneske på flukt, og hjelper dei som er ramma av eksplosjonen med varm mat og husly. Samtidig jobbar vi på spreng for å forhindra sprenging av covid-19.


Kirkens Nødhjelp er norske forsamlingars eigen humanitære organisasjon, og har jobba i Libanon sidan 2013. Der jobbar vi med vatn, sanitær, hygiene og kjønnsbasert vald. På grunn av krig i nabolandet Syria har Libanon sidan 2011 opplevd ein massetilstrømming av flyktningar. Storleiken på flyktningpopulasjonen har ført til ein auke av befolkninga i landet på 25 prosent og eit enormt press på infrastruktur som vatn, fast avfall og elektrisitet og dessutan tilgjengelege offentlege tenester, særleg i helse- og utdanningssektorane. Ifølgje Lebanon Crisis Response Plan (LCRP) 2019 manglar 3 208 800 tilgang på trygt vatn. Dette kan føra til alvorlege helserisikoar og eksponering for sjukdom, særleg under overbefolkede leveforhold som enkle teltbusetjingar og husrom av dårleg kvalitet.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

– Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps valfri sum til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 250 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248



Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 9. januar 2021 kl. 10–16

Trass i at vi framleis må ta mykje omsyn til at vi lever med ein pandemi, planlegg vi også i år kyrkje- og misjonsdag på Alværa i byrjinga av januar. Alværa har store og gode lokalitetar som gjer at vi kan sitje med forsvarleg avstand og følgje smittevernråd elles.

I nærare 20 år har vi byrja året med inspirasjonssamling for kyrkjelydane i området. Vi er mange som har erfaring med at det å samlast frå eit større område gir nye idear og eit gjevande fellesskap. Kyrkje- og misjonsdagen kan sjåast som ein verkstad der ein deler idear og erfaringar. Du er velkommen til å komme med synspunkt

eller berre lytte og ta imot. I år vil Geir Sørebo, Ole Agnar Helland og Trygve Toft-Eriksen frå NMS vere med i opplegget. Vi satsar på aktuelt tema som går inn i den situasjonen vi er i med ein verdsvid pandemi og også korleis nye møteplassar gjennom internett kan bli til hjelp i nærmiljø og i den verdsvide kyrkja. Gjennom dagen vil vi syngje songar frå ulike delar av verda.

Temaopplegget blir avslutta med gudsteneste kl. 14.30.


Etter gudstenesta er det kaffi. Då vert det også årsmøte for NMS Ytre Sogn.

Det er påmelding til Alværa, tlf. 489 90 661 eller 916 89 459

(Toril Lange). Programmet vil bli lagt ut på facebook-sidene til Alværa og NMS Bjørgvin i desember, men meld deg gjerne på allereie no. Slik koronasituasjonen er i dag, set vi eit tak på 40 deltakarar.

Hjarteleg velkommen!

*Områdeutvalet
i NMS Ytre Sogn*



Mariahelg på Alværa misjonssenter, Lavik 2021

5.–7.mars 2021, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Tema for helga er «Berekraft». Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for

temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Spørsmål om helga/program – ta kontakt med Hanne Bildøy, tlf 996 10 528, epost hanne@bildoys.no



Friluftsgudstenester sommaren 2020

Sommaren 2020 som vart «koronasommaren», skulle det vel vere fint å kunne samlast ute i det fri, med litt større rom rundt seg. Det vart gjennomført i alt 4 friluftsgudstenester: Ved Espeland, Dagsturhytta, i Kvernsteinsparken og ved Havørnbautaen på Risneshaugane.

Søndag 16. august var veret heilt upåklageleg, sol frå skyfri himmel. Dagsturhytta i Hyllestad har blitt eit svært populært turmål, og det ikkje utan grunn. Det er ein fin tur frå parkeringsplassen på Akse, som eit heilt spekter av ulike aldrar kan meistre. At frivillige krefter har gjort ein stor innsats inne i hytta, med å lage teppe og få det skikkeleg koseleg, gjer trivselen enno betre.



Rett før hytta kom opp i juni 2019, hadde me friluftsgudsteneste på tomte der. Då var det litt regn, og rundt 20 var samla. I år vart dette talet dobla og det var varmt og fint. I veka før var det ikkje veret som var problemet, men det at ein ikkje hadde musikk til gudstenesta. Det laga seg likevel, med hjelp frå eit kjekt besøk frå Balestrand: Trond Kråvik og kona Anne Margrethe. Med Trond som forsongar og på gitar, gjekk dette veldig bra. På ei facebookside kunne ein lese i veka etterpå: «Flott friluftsgudsteneste ved Søre fjordshytta, dagsturhytta i Hyllestad. Ei gudsteneste med himmel over seg, bokstavleg talt, og nydeleg utsikt etter at skodda letta.

Søndag 19. juli tok til med flott ver, men skyer lurte i horisonten. Det regna godt før gudstenesta ute på Risneshaugane tok til, men rett før, stilna regnet og i løpet av dei 45 minutta den varte, så vart det berre nokre få regndråpar. Ein fin flokk var samla der i år og, ein god plass å vere. I år hadde dei einskilde med mat sjølve, men grendalaget sytte for benkar og straumtilkopling, så takk til dei for det.-



Søndag 28. juni var det gudsteneste i Kvernsteinsparken på ettermiddagen. Dette var ein skiftande dag vermessig, og tidspunktet var dårleg av di regnet kom. I Kvernsteinsparken fekk ein nytte eit telt som gjorde at dei som kom, slapp «å regne vekk».

Vikaren denne søndagen, Knut Arne Kummeneje, sokneprest i Fjaler, hadde med gitaren og det vart ei triveleg stund.

Laurdag 13.juni fekk ein på ny feire gudsteneste/naustmesse ved Espeland. Det var ein varm laurdagskveld. Det var rett etter coronanedstenginga, så truleg difor var fram møtet noko dårlegare enn tidlegare. Ei fin stund like fullt, med besøk av prostiprest, Runar Matsui Li, frå Kyrkjebø.



Gunvor Karin Instefjord takkar av som kyrkjetenar

Alle i Hyllestad sokn er svært takksame for Gunvor si trufaste og samvitsfulle teneste i kyrkjene.

På ettersommaren i år slutta Gunvor Karin Instefjord som kyrkjetenar i Hyllestad sokn.

Ho har gjort teneste i alle kyrkjene og Øn kapell. Gunvor fylte 70 år 4. oktober og vi gratulerer henne hjarteleg med vel overstått. Ho har hatt stor glede av arbeidet i kyrkja i Hyllestad og hadde gjerne fortsett lenger hadde det ikkje vore for helsemessige utfordringar.

Før Gunvor byrja jobbe i kyrkja var ho medlem av Hyllestad sokneråd. Medan ho sat i rådet var det trong for ny altarduk i Hyllestad kyrkje. Nokon visste at Gunvor var flink med hardangersaum, og ho vart spurd om ho kunne ta på seg å sy altarduken. Ho såg ein altarduk frå ei kyrkje i Familien og tok kontakt og fekk tilsendt mønsteret. Dette var på slutten av 90-talet. Då ho starta som kyrkjetenar i alle kyrkjene, oppdaga ho at altarduken i Bø kyrkje har same mønsteret. Vi er takksame for den fine altarduken.

Gunvor hadde si første teneste i Hyllestad sokn som klokkar i Hyllestad kyrkje julaften for 20 år sidan. Då las ho tekstar i gudstenesta og endå fleire tekstar når det var barnedåp. I oktober 2009 byrja ho som kyrkjetenar, først som vikar for kyrkjetenar Reidun Fleten, seinare i fast stilling. Gunvor heldt fram som tekstlesar mest i Hyllestad kyrkje.

I tillegg til tenesta inne, har ho òg passa på at bossdunkane har blitt tømde og har dei siste åra òg hatt ansvar for å plante



Gunvor gjer Øn kyrkje korona-klar, med stenging av annankvar benk og er òg klar til reinhald med mikro-fiberklutar.

på nokre graver der vi har gravstellavtale.

Vi inviterte Gunvor på kyrkjekontoret for å høyre med henne korleis det har vore å jobbe i kyrkja i Hyllestad. Gunvor seier at det har vore ein grei arbeidsplass og ei glede å jobbe i kyrkja. Ho trekkjer fram at ho har hatt gode arbeidskollegaer, noko som har betydd mykje.

Det har til tider vore travelt med arbeid nesten kvar søndag og alle høgtidene. Ho har hatt ein frisdag i månaden, same søndagen som organist og prest.

Det er mykje som følgjer med ei kyrkjetenaroppgåve. Ein skal vere med når det er noko som skjer i kyrkja. Mellom arrangementa er det reinhald som vasking og støvsuging, syte for lys til lysestakar og lysekrunene, samt vask av dukane.

Ved teneste som barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder har eg vorte kjend med mange som eg aldri har sett før. Det har vore kjekt.

I tillegg til kyrkjene, var ho òg med på gudstenestene på

Eiklund, på andredagane knytt til høgtidene. Det sette ho stor pris på og som ho seier: *dei eldre kosa seg når vi kom.* Men i år under koronapandemien var det ikkje gudsteneste på Eiklund verken 2. påskedag eller 2. pinsedag, så *no saknar dei oss. I denne tida med koronapandemien er alt omsnudd. Alle må halde avstand, ikkje sitje for tett. Men no er eg slutta som kyrkjetenar. Eg klarer ikkje fortsetje lenger. Eg saknar jobben og kollegane mine. Til slutt vil eg seie takk for meg og ynskje dykk alle ei velsigna adventstid.*

Vi andre som arbeider i kyrkja i Hyllestad, soknerådet og alle i kyrkjelydane vil takke Gunvor for den gode tenesta ho har hatt i kyrkja i alle desse åra, knapt 20 år sidan ho starta som klokkar. I tillegg til kyrkjetenarjobben har ho òg vore ei god «vertinne», ønskt folk velkomne på ein varm måte slik at dei har følt seg velkomne til kyrkja.

Vi ønskjer deg alt godt og håpar du får gode dagar, Gunvor.

IF



Urolighetene i Mali er stadig voldsomme. Fulanifolket vi jobber blant blir ofte beskyldt for å være islamistiske terrorister. Men samtidig blir fulanifolket utsatt for massakrer fra andre folkegrupper. De fleste internflyktningene i Mali er fulanier som har flyktet hals over hode for å redde livet, og dermed mistet alt de eide.
- Vi håper at nødhjelpsarbeidet vi driver blant flyktninger er et vitnesbyrd om Guds kjærlighet, sier Ngayap. Her er han på besøk hos flyktninger sammen med pastoren Joseph Djowouro

Livet på vent i Bamako

Som om ikke koronaviruset var nok – i august opplevde Mali også et statskupp. Det ble ganske godt dekket av norske medier. Statskuppet gikk relativt rolig for seg, og det er nå enighet om en 18 måneders overgangstid før det skal avholdes valg.

Likevel forteller Ngayap Moïse, som er misjonær fra Kamerun og direktør for arbeidet i Mali, at kuppet har mange uheldige konsekvenser for misjonsarbeidet. Den største er at grensene er stengt, noe som betyr at nye misjonærer som var på vei til Mali foreløpig ikke kan reise, og at misjonærfamilier som skulle reise hjem fra Mali i sommer ikke har kommet seg hjem.

Det siste gjelder også Ngayap sin egen familie. Etter planen skulle de for lengst ha forlatt Mali. Magadji Thomas fra Kamerun er ansatt som ny direktør. Egentlig skulle Magadji komme til Mali allerede før sommeren for å få en god overgangsperiode sammen med Ngayap. Men Magadji er fremdeles i Kamerun, og familien Ngayap er fremdeles i Bamako. Eksamensperioden på skolene ble også flyttet, og både Ngayaps egne barn og barna i en annen misjonærfamilie som var på vei tilbake til Kamerun kan nå komme til å få eksamener så sent som i november. Dette vil også være med på å gjøre det vanskelig for dem å forlate landet.

Frode Brügger Sætre, som er vår norske misjonær i landet, ble evakuert fra Mali i mars og vil foreløpig bli i Norge fram til jul.



DELER TROEN
PÅ JESUS



UTRYDDER
FATTIGDOM



BEKJEMPER
URETTFERDIGHET

Tankar etter ei tid med Corona



Det me har opplevd dei siste månadane er heilt spesielt og har hatt store konsekvensar for mange av oss. Sjølv om mange forstod at det var noko ekstraordinært som skjedde med ein smitte på nyåret i Kina, kom nedstenginga i mars veldig brått på for mange.

Konfirmantane i Hyllestad skulle ha konfirmanttime med øving til samtalegudstenesta 12.mars. Då kom statsminister Erna Solberg fram og sa at no måtte landet stengast ned. Timen vår vart utsett, og det er som oftast greitt når det gjeld ein time slik, men dette kom til å vare lenge. Neste konfirmanttime vart ikkje før i slutten av mai. Konfirmasjonane vart utsette.



I løpet av 8 dagar, i midten av september, vart det avvikla fem konfirmasjonsgudstenester her i Hyllestad. Det gjekk heldigvis fint og godt var det, at dei kom før den nye nedstenginga i Hyllestad i byrjinga av oktober. Då kom det smittetilfelle på Havyard, og den første gudstenesta i oktober måtte difor avlysast.

Før sommarferien hadde konfirmantane eit par timar ute i det fri. Elles deltok dei digitalt i fasteaksjonen. Der kom det inn eit bra beløp, sjølv om det ikkje var innsamling på dørene. Frå Hyllestad samla ein inn kr.16.327, dette vert kr. 36 pr innbyggjar. (nr. 1 av 199 kommunar i Vestland fylke).

Konfirmantane bidrog også til ei nettside som



heitte «Glede». Der sende dei inn bilete om kva som kunne gje dei glede midt i nedstenginga. Det kunne vere eit vakkert naturbilde, ein aktivitet eller noko anna.

Samtalegudstenesta med konfirmantane vart først onsdag 2.september. Her bidrog dei med lesingar, lystenning og bønner. Nokre av jentene framførde også dette året «Fadervårdansen» på ein vakker og verdig måte. På konfirmanttimen før gudstenesta arbeidde dei med såkalla «collage» med temaet «Tru og håp – i ei utfordrande tid». Det vart ganske kreativt!

Korleis vere kyrkje i ei koronatid?

Etter nedstenginga 12.mars vart gudstenesta den påfølgande søndag avlyst. Då skulle det ha vore årssamling etterpå, men den vart avlyst.

Dette vart ein ny situasjon for kyrkja. Korleis er ein då kyrkje? Det er naturleg i ei meir digitalisert tid at dei tekniske hjelpemidla då kjem meir i fokus.

Denne bønna vart då brukt, etter at den vart delt på sida til bispedømmet (opphavleg skriven i Balestrand av sokneprest Kjetil Netland):

Bøn

Herre Jesus Kristus,
Du lækte sjuke og tok deg av dei som var hjelpelause.

Vi kjenner oss hjelpelause i denne kritiske tida for menneske i heile verda.

Ta deg av dei som er smitta og dei som er sjuke. Lat dei få att helsa.

Beskytt dei som har lågt immunforsvar, frå å verte smitta.

Kom med din fred til dei som er redde.

Verna dei som arbeider i helsevesenet og omsorgstenestene, så dei ikkje vert smitta.

Vi bed for skuleelevar, familiar og verksemder som vert ramma hardt av denne epidemien.

Gje visdom til styresmaktene i kommunen vår, i Noreg og i verda til å handtere denne situasjonen.

Hjelp oss å få kontroll

over spreidinga av corona-viruset.

Miskunna deg over oss, Herre Jesus.

Du skal ikkje frykta for redsler i natta,

for piler som flyg om dagen,

for pest som fer fram i mørkret,

for plage som herjar ved middagstid.

Du, HERRE, er mi tilflukt.

Salme 91, 5 – 6 og 9a

Treng du nokon å snakka med i denne tida, kan du ringe prest eller ein annan av dei tilsette i kyrkja.

lokalt her : sokneprest Audun Systad
- tlf. 971 55 237

Du kan òg ta kontakt med Kirkens SOS:
www.kirkens-sos.no/telefon

Bøn i kyrkja

Kvar dag, siste veka i mars, samt nokre dagar utover våren, var sokneprest, Audun, i Hyllestad kyrkje for å be og tenne lys.

Bønnegruppa som er i kyrkjelyden, var samla på Skype.

Gudstenestestengt

I Hyllestad sokn var siste gudstenesta før koronarestriksjonane vart innført 12. mars, i Øn kyrkje søndag 8. mars. Første gudstenesta etter ei forsiktig opning av samfunnet var søndag 24. mai med minikonfirmantavslutning i Hyllestad kyrkje.



Trusopplæringa, med sine faste samlingar for ulike aldersgrupper, fekk og ein stans i mars og fram mot sommaren.

Til påske vart det difor delt ut ein del bøker i postkassane til nokre av aldersgruppene. Det vart teke godt imot! No, i haust, er trusopplæringa komne inn att i eit bra gjenge, der ein fylgjer smitteverns-reglane som gjeld.

Mange kyrkjelydar i landet la ut andakter og gudstenester på nettet. Her i Hyllestad vart det mest helsingar og andakter på Facebooksida, der ein og inviterte til å ta kontakt med soknepresten på telefon.



Helsingar med bibelord og bønner

Eit lite hefte med «Bibelord og bønner» vart delt ut på Eiklund i tida før påske. I tillegg og til nokre heimar. «Trur og håpar heftet har vore til glede og velsigning», vart det skrive på facebook-sida til kyrkja. Ganske mange tilbakemeldingar tyder på det!

Her er noko av det som stod i den helsinga:

*Frykt ikkje, for eg er med deg,
ver ikkje redd, for eg er din Gud!*

*Eg gjer deg sterk og hjelper deg
og held deg oppe med mi rettferds høgre hand.*
Jes 41, 10



For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke-tankar. Eg vil gje dykk framtid og von.

Når de kallar på meg og kjem for å be til meg, vil eg høyra på dykk. De skal søkja meg, og de skal finna meg. Når de søker meg av eit heilt hjarte, lèt eg dykk finna meg, seier Herren.

Så vil eg venda lagnaden for dykk.

Jer 29, 11 – 14

Kast all dykkar uro på han, for han har omsorg for dykk.

1. Pet 5, 7

Legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.

Fil 4, 6 – 7

Velsigninga

Herren velsigne deg og vare deg!

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig!

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred!

4. Mos 6, 24 – 26



Påskevandring med håp ved Hyllestad kyrkje

Ei håpsvandring kan vi kalle det som ein kunne delta i, rundt kyrkja i Hyllestad, frå påske og nokre veker framover. Det er plansjar med bibeltekstar om Jesus sin siger over døden. Desse vil årleg bli sett opp ved påsketider.

Det er ei form for vandring som dei tok til med i Italia i 1988, og har spreidd seg utover i mange land og i mange kyrkjesamfunn verda over. I Italia kallar dei denne vandringa VIA LUCIS - lysvegen. Jesus lyser opp med håp om evig liv, nett her i verda som døden herjar. I England er namnet Stations of Resurrection.

Løypa rundt kyrkja inneheldt 14 plansjar. På facebook før påske stod det slik: Velkommen til menneske i alle aldrar å ta denne vandringa no framover. Det er ikkje gudsteneste i kyrkjene våre, men me treng dette håpet som aldri før. "Livet vant dets navn er Jesus" syng vi i ein av

dei nyare påskesalmane (Salmeboka nr.207)

Ideen til vandringa er det sokneprest Kjetil Netland i Balestrand som har, og Nordfjord-kunstnaren Magne V. Kristiansen står for utforminga av plansjane.



Ei annleis 17.mai-feiring

2020 gav og ei annleis 17.mai feiring, utan tog og vanleg frammøte på dei offentlege stadane. For kyrkja sin del var det kjekt å få invitasjon frå Hyllestad kommune til å delta i den digitale sendinga, som vart teken opp rett utanfor kyrkja ved minnesteinen for krigsofra. Der hadde ordførar Kjell Eide helsing, «Fjordklang» song og det var tale for dagen ved Karine Strandos.

Sokneprest Audun Systad hadde ein andakt ved markeringa. Då ut frå Salme 127, v.1-3. Dei kjente versa om : Dersom Herren ikkje byggjer huset arbeider bygningsmennene fåfengt. Dette er kjente ord som og er nemnt i fedrelandssalmen vår: Gud signe vårt dyre fedreland.

Oppsummeringa på talen var henta frå tre salmar knytta til 17.mai:

1. **Takken:** «Norske mann i hus og hytte takk, din store Gud»
2. **Gåva:** «Fagert er landet du oss gav» -
3. **Verket:** «Vil Gud ikkje vere bygningsmann, me fåfengt på huset byggja.»

Krossen er sentral i kristningsverket, og her i Hyllestad vert me ekstra minna på det, med dei

krossane, større og mindre som er hogne ut her. Slik vart talen avslutta.

Koronatida – ei utfordrande tid for eldre og sjuke

Som det har vore skrive mykje om i media, så er ikkje minst dei eldre og sjuke ei sårbar gruppe i ei tid som denne. Frå kyrkja si side vil me gjerne understreke, at det går an å be om besøk og kontakt med til dømes prest.

Det er først no, at det er opna for å komme inn på sjukeheimane igjen, med andakter og samlingar. Dette har me fått tilbakemelding på har vore eit sakn.

Songinnslag på Facebook

Mange kyrkjelydar var ivrige i å legge ut flotte song- og musikkinnslag på diverse digitale plattformer. Her hos oss vart det 1.mai lagt ut på kyrkja si facebook-side, eit songinnslag ved Kirsten og Jostein Ryland. Dette er det veldig mange som har sett og også delt. "Han bærer deg" er tittelen på den, og den ligg framleis tilgjengeleg. Lytt til den!. Der er trøyst og gode ord!

Preiker og tekstgjennomgang på nett

I løpet av denne tida har det og vore lagt ut fleire tekstgjennomgangar til søndagsteksten. Det har gått på omgang mellom prestane i Askvoll, Fjaler og Hyllestad.

Til helga 26.april vart det lagt ut «Helgetankar» ut frå teksten i Joh.10,11-18: «Eg er den gode gjetaren.» Ein fekk då lov å bruke eit vakkert lokalt bilete frå Sæsol, teke av fotografen Mal Dickson. Tusen takk! AS



Mari Dale Salbu: Livet på bibelskulen Substans



Tre måneder inn i skuleåret stortrivst eg, og gler meg til kva resten av året har å bringe. Eg går no på Substans, ein bibelskule i Bergen.

Eg har alltid vore nysgjerrig, då og på om det kan finnast meir mellom himmel og jord. Samtidig ute etter sanning, og ikkje blind tru. I dagens samfunn er ofte normalen at vi lev veldig materialistisk og lev på og trakter etter ting som fyller oss midlertidig. Men om det finst meir enn det vi med vårt perspektiv i vår dimensjon kan sjå, vil ein ikkje då vite om det? Når vi søker og utforskar trur eg vi kan finne svar.

Eit år på bibelskule trur eg er ei investering for livet, der ein får utforska eiga tru, og verdier ein ynskjer å bygge livet basert på. Mottoet til skulen er «Eit år på bibelskule, eit liv med Substans.»

Substans tyder betyding eller mening. Noko eg trur alle lengtar etter. Og om Gud finst- noko eg blir meir og meir sikker på jo meir eg utforskar og lærer, er det jo nettopp det Han lengtar etter; å fylle «tomrommet i hjartet vårt.» Han har lagt ned lengselen i oss etter å bli kjend med Han, og Han er då den einaste som kan fylle oss heilt, og gje livet verkeleg Substans.

Vi har nett vore to veker på klassetur i Noreg, innom mellom anna Stadt, Trondheim og Lofoten. Elles går skulekvardagane i fag



som mellom anna, identitet og livsvisjon, menighet, og fredager er sett av til praksis i valfri menighet eller menighetsarbeid. I tillegg lærer vi mykje praktisk ein treng for å vere rusta til resten av livet,

mellom anna om verdibasert tidsstyring, økonomistyring og helse for heile mennesket.

Vi er ein blanda gjeng i klassen, både i forhold til alder, men og trusliv. Nokre har studert teologi, medan

fleire berre er nysgjerrige på å utforske om det kan finnast meir mellom himmel og jord. Då trur eg absolutt Substans er ein trygg og spennande arena der det vert lagt godt til rette for nettopp dette. Relasjon framfor religion vert sterkt vektlagt. Om Gud finst, så er det ein relasjon til kvar enkelt Han lengtar etter, og ikkje ein religion der ein først og fremst kjem med peikefingeren. Nettopp derfor sendte han Jesus, for å kunne oppretthalde kontakten med oss, sjølv kor u-perfekte vi er.

Ein felles moral og forståing av godt og vondt er lagt ned i alle menneske. Kvar kjem moralen frå? Kva tid vart vi menneske så ulike frå alle andre artar? Det er så mykje spanande å utforske og lære om, som også er trustyrkande. Så vi med både følelsane og fornufta, med godt grunnlag



kan seie at trua på Gud er rasjonell.

«De skal søkja meg, og de skal finna meg. Når de søker meg av heile dykkar hjarte.»

– Jeremia 29:13



Ta gjerne kontakt om det er noko de lurar på, eller det er noko eg kan vere med å be for!

Vedlagt nokre bileter frå klasseturen og skulekvardagen ellers.

50-års konfirmantane 30. august



Frå venstre: Kjell Eide, Helge Hagen, Une Skogly, Atle Systad, Inger Lutentun, Torbjørn Løland (bak), Svein Heggebo, Arve Tveit, Øyvind Gisle Jensen, Ove Dale, Ingrid Øvreås Strandheim, Knut Henrik Birkeland (ved mikrofonen).

Me fekk ei interessant samtale om det konfirmantida inneheldt, mellom anna ein god del innlæring av salmevers. Øyvind Gisle

Jensen, som vaks opp i prestegarden, som son av konfirmantpresten Svend J. Jensen, sa litt om korleis det var å vekse opp der. Ein flott

stad med fint utsyn, men og ein god del arbeid, når huset vart brukt til tilstelningar og forskjellig arbeid i samband med det.

Krossoverrekking i Hyllestad – ei spesiell o



I sommar fekk me i Hyllestad kyrkje eit spesielt spørsmål: Vere med å legge til rette for ei gudsteneste, der det skulle bli overrekt ein kross frå Hyllestad til Bergen by. Dette i samband med Sunnivaseglasen og markering av 850-årsjubileum. Franziska Rüttimeann Storemyr, avdelingsdirektør ved Kvernsteinsenteret, var med og tok initiativ til denne hendinga, saman med ordførar Kjell Eide i Hyllestad kommune.

Bakgrunnen var altså Sunnivaseglasen, ein kyst-pilgrimseglass med Sunniva-skrinet frå Selje til Bergen. Dette i høve at Bergen kunne høgtide 850-årsjubileum som bispesete. Før låg det på øya Selja. Les meir om dette på: www.sunnivaseglas.no.

I Hyllestad kyrkje var det denne søndagen lagt opp til 50-årsjubileum for konfir-mantane. Desse to hendingane kunne ein kombinere, sjølv i ei tid med smittevern. Når ordføraren Kjell Eide, samt



handverkaren Torbjørn Løland som laga krossen, var konfrimantar for 50 år sidan, vart dette ein fin kombinasjon.

Søndag 30. august kom med strålende ver. Veldig kjekt for oss at bispedømet sende tidlegare biskop Ole D. Hagesæther hit som sin representant, til å motta krossen. Han var her på visitas den gongen då Hyllestad arrangerte steinkross-seminar i 2004. Han hadde ei fin helsing i gudstenesta, han

hadde og talen – om talentane! Stiftinga Kystkultur sende songaren Vivian Steinsland hit. Ho sit i styret der, og hadde dessutan med gitar og hadde flott sang som ho gledde kyrkjelyden med. Det var både religiøse folketonar og nyare medlodiar, m.a. av Erik Bye og Johannes Kleppevik.

Sokneprest Audun Systad orienterte kort ved ord og bilete om steinkrossane og den betydning dei har hatt før og

Id kyrkje søndag 30. august g fin hending



ved kristninga av landet vårt.

50-årskonfirmantane vart presenerte med morosame minne. Det kom 12 av dei som vart konfirmerte det året.

Etter gudstenesta gjekk gudstenesteprosesjonen ned til Prestefjæra. Tre av konfirmantane 2021; Vilde, Lance og Mailèn gjekk føre og bar krossen på omgang. Nede ved sjøbuene kom det inn ein trebåt, rodd av Frøydis Akse. Med der var Lea Ytredal Akse, ein av årets konfirmantar og vart overrekt krossen. Den vart rodd eit stykke ut Åfjorden, slik som så mange krossar, då og større, vart rodd i tidlegare tider.

Tysdag 1. september kom



så Sunnviaseglasen innom Korssund, der ein av dei fem store krossane hogne i Hyllestad står. Der ute vart Hyllestad representert ved formidlingsleiar, Per Christian Burhol, frå Kvernsteinsparken og sokneprest Audun Systad.

Sistnemnde tok og turen til Bergen påfølgande laurdag, då noverande biskop Halvor Nordhaug overrekte steinkrossen frå Hyllestad til ordførar Marte Mjøs. Dette skjedde utandørs bak Håkonshallen, og i påvente av at Bergen by skal bli eit pilgrimssenter, med Kystpilgrimsleia som ein viktig del



av arven.

Harald Olsen, forfattar og ein som har skrive mykje om «Arven frå Vest», har nemnd nettopp steinkrossane som det viktigaste teiknet på det nordatlantiske kulturfelleskapet som me har.



Utbetring av vindaug i Hyllestad kyrkje, skogrydding rundt Bø kyrkje, måling av Bø kyrkje og utskifting av gjerdet



Som ein ser, var det på høg tid at ein fekk fullført utbetringa av vindauga på nedsida av Hyllestad kyrkje. Her var det ein god del rote i sprosper på alle tre vindaugo. Ove Losnegård har hatt ein stor og omfattande jobb, der han har teke ut alle rutene, for so å skifte ut rote treverk og sprukne ruter.

I sumar byrja ein måla Bø kyrkje. Der står enno att litt på tårnet, men det lyt vente til neste sumar. Målarfirmaet, Gunnarson A/S frå Stryn, har oppdraget. I tillegg har ein tilsvarande utfordringar som i Hyllestad kyrkje, med vindaug i aust som ein eigentleg berre ser frå utsida, ettersom det er kledd att på innsida bak altaret.

Tidleg i vår, gjorde Indrefjord Gard ein flott jobb med skogrydding kring Bø kyrkje. Dette var svært viktig å få gjort før ein skulle måle kyrkja. Ein har på denne måten fått opna opp, slik at lyset slepp til og ein reduserer algeveksten på veggene. I tillegg har det vorte ei fin kyrkje ved fjorden, i staden for å vera bortgøymd i skog og kratt.



I vår var det dugnad ved Bø kyrkje. Her var det ein flott gjeng samla for å skifte gjerdet rundt kyrkja/gravplassen. Gamalt gjerde vart plukka ned og køyrt rett på miljøstasjonen i Staurdalen og nytt gjerde vart montert fortlaupande. Dei fekk skifta gjerdet frå bårhuset og heile vegen langs parkeringsplassen, samt rydda rundt kyrkja og på gravplassen. Dugnadsgjengen var meint å halda fram tidleg i haust, men det vart utsett, grunna koronabrotet som då råka Hyllestad og Havyard. Takk til dugnadsgjengen so langt, for flott innsats!



Øn gravplass

På Øn gravplass vart det etter kvart ei altfor stor utfordring med store mengder stor stein i det ubrukte arealet på den nye delen. I tillegg kom vi stadig nærare eit, til tider, særst vått område. I august fekk vi endeleg gjennomført den lenge etterlengta og ikkje minst; heilt nødvendige omgravinga av det ubrukte arealet på den nye delen. Bjørkhaug Maskin A/S fekk oppdraget med turvande masseutskifting og grøfting. Det vart køyrt vekk, ikkje mindre enn 19 dumperlass

med til dels stor stein. Det vart vidare tilkøyrd høvelege grusmassar frå det gamle grustaket til Harald Øen. På den måten fekk ein til ei trygg, effektiv og transportøkonomisk masseutskifting. Takk til deg, Harald, for at du var med på dette prosjektet!

Det synt seg ganske snart, at det var trong for ei avskjeringsgrøft for å få kontroll på det våte området på gravplassen. Bjørkhaug Maskin A/S hadde ei utfordring, sidan grøfta på eit eller anna

tidspunkt måtte gå gjennom muren. Trur maskinkøyraren nytta tida bak spakane godt og på den måten knekte koden for den beste, svært truleg og den absolutt rimelegaste, løysinga for å få grøfta vidare ut under muren. Godt jobba!

Vi er svært glade for at dette prosjektet endeleg vart gjennomført. Feltet lyt kvila enno ei stund, slik at massane får sett seg og graset får etablert seg, før ein tek det i bruk.



KORONAPANDEMIEN – restriksjonane held fram

Kyrkjerådet skriv i sitt siste nyheitsbrev at «*Samfunnet er i eit maratonløp.*

Koronapandemien vil fortsette i overskodelig framtid. Det gode smittevernet er avgjerande for at kyrkjene skal kunne holde ope.»

Framleis er dei viktigaste smittevernråda for alle – overalt, og kyrkja er sjølvsagt med på denne dugnaden for å stoppe smitte og sjukdom:

- 1 meters avstand til dei du ikkje bur saman med.
- Vask hendene ofte og grundig, evt. bruk handsprit.
- Gode rutinar for reinhald og hygiene.
- Vær heime når du er sjuk.
- Ha oversikt over deltakarar på arrangement.

På «kirken.no/korona» finn vi oppdatert smittevernrettleiar for Den norske kyrkja.

Det finst òg ulike bransjestandarar for ulike aktivitetar. Maksimalt tal deltakarar i kyrkjene, er frå og med 9.nov. sett til 50 pers. Dette avdi kyrkjebenkar og kopla stolar no ikkje vert definert som faste stolar.

I Bø- og Øn kyrkje har vi stengt av annankvar benk for å innfri 1 meter mellom benkane.

Reinhald. No er det slik at dersom det er mindre enn 24 timar mellom arrangement, krevst det ekstra reinhald.

Dåp har vi i oppsett gudsteneste, dersom det er plass. Ved særskilde høve kan det unntaksvis vere eiga dåpsgudsteneste før eller etter ei vanleg gudsteneste.

Namnregistrering. Det er krav til Den norske kyrkja å registrere deltakarar på alle arrangement med namn og telefonnummer. Dette på grunn



av eventuell smittesporing og skal vere tilgjengeleg for smittevernlækjar i kommunen. Namnelista vert oppbevart i safen i 14 dagar før makulering.

Ansvarleg arrangør

Alle arrangement skal ha ein ansvarleg arrangør, som er ansvarleg for at smittevernrettleiaren for den aktuelle aktiviteten vert følgd. Ved gudsteneste og kyrkjeleg

handling har soknepresten eit særskild ansvar.

Ved utleige av eit lokale som er eigd av Hyllestad sokn, er leigetakar ansvarleg arrangør.

Arrangøren skal opplyse kven som er smittevernansvarleg. Leigetakar har eit sjølvstendig ansvar for å undersøkje om lokalet som er ønskt leigd, er stort nok til den aktuelle aktiviteten. Utleigar er såleis ikkje ansvarleg for aktiviteten.



Trus- opplæring vinter/vår 2021

Tårnagenthelg for 3. og 4. trinn er agentsamling laurdag 23. januar frå 15.00 til 19.00 i Øn kyrkje og agentmorgon med tårnagent-gudsteneste søndag 24. januar frå kl. 10 til 1230/13.00 i Hyllestad kyrkje.

Minikonfirmantar for 5. trinn.

Oppstart på tårnagent-gudstenesta søndag 24. januar kl. 11.00.

Deretter er det er samling 4 onsdagar frå rett etter skuletid til kl. 16.00. Dato for samlingane er: 3. februar, 17. februar, 3. mars og 17. mars. Det er også planlagt minikonfirmantweekend på Alværa 9. til 11. april.

Myldresamlingar for born under 6 år.

Også til vinteren/våren vil vi prøve å invitere til myldresamlingar. Om kvar myldresamling vert eit tilbod for alle eller om vi inviterer kun ein barnehagekohort til kvar samling, er ikkje bestemt endå.

Smittesituasjonen varierer ein del og nye innstrammingar/reglar kan bli bestemt på kort varsel. Følg difor med på facebook-sida til «Kyrkja i Hyllestad».



Velkomen til julefeiring i kyrkjene våre

Vi kjenner dagens koronarestriksjonar, når bladet går i trykken midt i november, er grensa sett til maks 50 pers. Med dagens utvikling er det for tidleg å vite kva som vil gjelde når det nærmar seg jul.

I Hyllestad sokn er det fastsett følgjande gudstenester jula 2020. Gudstenestene julaften og juledag er ved prestestudent Eirik Baug Barsnes som er 23 år og kjem frå ytre Fjaler. Han studerer ved MF vintenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn, for å verte prest. Han er no på 5. året av 6 år. I vårsemesteret i år studerte han i Finland, der hans forlovede bur. Dei 2 siste somrane har han jobba som prestevikar i Gulen og i Florø.

Sjå omtale annan stad i bladet om plass i kyrkjer.

Julaften 24.12.2020: Øn kyrkje kl. 14 og Bø kyrkje kl. 16.

Juledag 25.12.2020: Hyllestad kyrkje kl. 14.

Nyårsaften 31.12.2020: Hyllestad kyrkje kl. 15.

Velkomen til kyrkje!

Konfirmerte:



Bø 12. september:

Første rekkje frå v: Linda Ølmheim, Ine Elise Pedersen, Ann Charlott Pedersen, Tuva Bråstad og Mathea Bråstad.

Bak frå v: Ayla Kristin Fladhammer Circic, Oliver Wolff, Marcus Lundabl og Audun Systad.

(Foto: Anette Susanne Bøe Wolff)



Hyllestad 19. september:

Framme frå v: Lea Ytredal Akse, Ingelin Hyllestad, Matilde Forthun Lekva, Håvard Bakkebo Tønning.

Bak frå v: Viljar Glavær Akse, Isak Pedersen Johannesen, Robin Boge Skaar, Ole Johan Dale. Sokneprest Audun Systad.

(Foto: Beate Pedersen)



Øn 20. september:

Frå venstre: Linda Ølmheim, Sivert Offerdal Lien, Juni Langedal, Andrea Ulvik Fleten og Audun Systad. (foto Kari Hilde Ulvik)



Prestegarden i Hyllestad har vorte kulturhus

Som sikkert mange har fått med seg, så la OVF (Opplysningsvesenets Fond) Hyllestad prestegard ut for sal dette året. Noko dei har gjort med fleire prestegardar dei siste åra, ettersom fleire prestar ønskjer å nytte eigen bustad. Prestegardane har ofte vore ein kulturinstitusjon i ei bygd. Her ligg den særst fint til, med panoramautsyn og solnedgang ute ved Alden!

Det var Ole-Agnar Helland som var den siste presten som budde i prestegarden. Han flytta til Vik sommaren 2015. Både før og etter det, har det vore andre som har leigd den.

Den er, etter måten, i bra stand, og det var spennande kven som ville bli ny eigar.

Det vart faktisk Prestegardsinspektør, Jan Stedje, som kjøpte prestegarden! Han bur på Voss og har eit stort hjarte for gamle prestegardar, med det og eit hjarte for bygningsvern og handverk.

Jan Stedje har leigd ut lokala, Norsk Kvernsteinsenter har dermed fått kontorlokale der. Det same har kunstnaren Frode Holst, samt Sogelaget og Folkeakademiet. Så i sanning har prestegarden vorte eit kulturhus! Planen er å bruke det til utstillingar og ulike

arrangement. (I haust har fotografen Oddleif Apneseth utstilling der). Der er òg ein enkel kafé.

Fredag 18. september var det ei markeringa av opninga av Prestegarden kulturhus. I koronatidene var det for innbedne. Den vart leia av avdelingsdirektør Franziska Rüttimann. Sokneprest Audun Systad hadde då ei helsing frå kyrkja, der han uttrykte glede over den nye bruken av prestegarden, noko det ser ut til at heile bygda er samde om.

Me ønskjer brukarane lykke til, og alt godt!

Vi ønskjer Helge Oddvin Systad velkomen som ny kyrkjetenar

Helge Systad, busett på Lavikdalen, er tilsett som kyrkjetenar i Hyllestad sokn. Vi er alt blitt kjende med Helge som hjelpte oss gjennom september, etter at Gunvor Instefjord måtte takke av på ettersomaren. September var den travlaste månaden vi har hatt i Hyllestad sokn med åtte gudstenester (inkl. fem konfirmasjonsgudstenester) og heile sju gravferder. Helge var ikkje kyrkjetenar ved alle, men

ved dei fleste arrangementa og då etter god rettleiing av Gunvor. Etter å ha vore soknerådsmedlem og også soknerådsleiar i Lavik sokn og vore kyrkjegjengar, er Helge godt kjent med kyrkja. Han har hatt og har styreverv i kristne organisa-sjonar.

Vi er takksame for at vi raskt fekk tilsett ny kyrkjetenar, ønskjer Helge velkommen og lukke til med tenesta som kyrkjetenar.



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte
hjelpе dykk som pårørende,
med alt som høyrer
ei verdig gravferd til.



Blomstertorget A/S
Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569
www.blomstertorget.no



Kyrkjekontoret formidler sal av gravminne

frå Nergård Steinindustri, eit gammalt familiefirma
som held til på Møre. Dei produserer/lagar alle
gravminna sjølve.

På heimesida si skriv dei: «Hos Nergård har du lov
å forvente litt ekstra.» Finn du eit gravminne som
du ville hatt litt annleis så ordnar dei det. Kyrkje-
kontoret har katalogar som du kan låne. Du kan
øg besøke nettsida deira <http://www.nergaard.no/>
For dette får vi provisjon som vert brukt til å gjere
gravplassane finare, utover vanleg gravplass-
vedlikehald.

Kontakt: **Aslak Åm Sognnes tlf. 975 83 290**



ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf: 959 43 735 www.aamsognes.no



Treng du elektrikar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

- Vi tilbyr:
- Hus og hytter frå Norgeshus
 - Eigen prosjekteringsteneste
 - Byggeleiing og prosjektleiing



6958 Sørbovåg - Tlf 992 81 401 - www.rylandbygg.no - rylandbygg@norgeshus.no

Velkommen til kyrkje

I det bladet går i trykken, får vi veta at det vert sett grense på 50 personar ved våre arrangement. Her kan framleis koma endringar, so fylg med i «Firda», på heimesida vår: WWW.hyllestad.kyrkja.no , og Facebook, i fall det det vert endringar i preikelista.

13. des. Hyllestadhallen kl.19 Julekonsert m/andakt. Kollekt v.utgangen
20. des. Eiklund omsorgssenter kl.11.30 Adventsgudsteneste
24. des. Øn kl.14. v. teologistudent Eirik Baug Barsnes Takkoffer Kirkens Nødhjelp
Bø kl.16 v. teologistudent Eirik Baug Barsnes Takkoffer Kirkens Nødhjelp
25. des. Hyllestad kl.14 v. teologistudent Eirik Baug Barsnes Takkoffer NMS
– Det Norske Misjonsselskap
31. des. Hyllestad kl. 15. Gudsteneste ved årsskiftet. Takkoffer Stefanusalliansen
3. jan. Øn kl.11.
24. jan. Hyllestad kl.12. Tårnagenthelg . Bibelutdeling Minikonf.
31. jan. Bø kl.11
7. febr. Hyllestad kl.19 Tomasmesse
Tomasmesse kjem av læresveinen Tomas - også kalla Tvilaren. Dette er ei gudsteneste med enkel liturgi - der ein gjev rom for ettertanke - rom for at tvil og tru kan møtast. Ei gudsteneste der ein kan stoppe opp litt og reflektere over det eige liv, forholdet til deg sjølv, dine medmenneske og Gud.
Ein kan sitte stille og lytte til fin musikk, ein kan tenne lys, motta velsigning og dele nattverd.
14. febr. Øn kl.11. Dåp
21. febr. Hyllestad kl.11
7. mars Øn kl.11
14. mars Hyllestad kl.16. Årssamling
21. mars Hyllestad kl. 16. Samtalegudsteneste.

Glede og sorg

DØYPTE:

Hyllestad:

Conrad Akse Flage
Martin Nordeide Thorseth
Olivia Lammetun Brekke

Øn:

Erle Solås

Bø:

Benjamin Dale Haugen

DØDE:

Hyllestad:

Ingemar Nordstrand f. 1932
Noralf Inge Hyllestad f. 1939
Håkon A. Atterås f. 1925

Øn:

Einar Arne Saltskår f. 1940

Bjarne Johannes Nordbø f. 1927

Sofie Agledal f. 1925

Gunvor Konstanse Inderøy f. 1929

Birger Kåre Napsholm f. 1943

Rigmor Ekreskar f. 1966

Kjell Ingolf Eide f. 1940

Brita Dumben f. 1927

Bø:

Jenny Tveito f. 1916

Lilly Løland f. 1921

Målfrid Sætevik f. 1932

Torbjörg Johanne Losnegard f. 1928

Hyllestad sokn takkar hjarteleg for minnegåve på kr. 5.950,- til Bø kyrkje ved Lilly Løland si gravferd 10. sept.2020

INFORMASJON

Returadresse.

Kyrkjekontoret

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2019 – 2023

Faste medlemmer:

Linda Ølmheim
Reidun Skår
Steinar Urnes
Anny Dale Fureli
Liv Synnøve Andersen
Brit Inger Skaar

Varamedlemmer:

1. Atle Tonning
2. Odd Takle
3. Magnhild Hofland
4. Kurt Arve Kjos
5. Rune Risnes

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiari/kyrkjeverje: Irene Fløde • Kontortid tysdag

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar Helge Oddvin Systad - Mobiltelefon: 952 23 549

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Linda Ølmheim - Mobiltelefon: 976 20 937

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk:  Ingvald Husabø Prenteverk as

Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne



Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på

tlf. **975 83 290**

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no

Vi formidlar og sal av nye gravminne frå Nergård Steinindustri.